



Fremad og ikkje gløyme!

Taler

Kari Veiteberg

Dato

19 mars 2021

Sted

Haslum kirke (ved Bjerkås' gravsted)

Omstendigheter

60-årsmarkering for Ingrid Bjerkås' ordinasjon

1 Kjære venner,

Den 19.mars 1961 blei Ingrid Bjerkås ordinert som første kvinnelige presten i
5 Den norske kyrkja. Vi står her i takknemligheit. Eg står her som prest, Oslo-biskop og feminist.

Kva betyr det at kyrkja vår no har hatt seksti år med kvinnelege prestar?

10 Dei fleste i kyrkja er jo ikkje prestar. Dei fleste sit i benkane under gudstenestene, høyrer og ser framover, framover mot altaret. Ei av Norges første feminist-teologar Dagny Kaul, har fortalt meg om kva ho opplevde i Frogner kyrkje då ho for første gong såg ei kvinne ved altaret: Det var Sylvi Baardseth Panjawi, (Sylvi var kapellan i Frogner frå 1977 til 2000). «Det skjedde noko
15 fundamentalt med heile mi erfaring -- oppleving -- av det heilage,» sa Dagny Kaul.

Klart at kvinner ved alter og på preikestol endra noko! Det skjedde noko med den klare rollefordelinga der alle har fått tildelt sin plass: menn der, kvinner der,
20 barn der, skeive der. Det er ei maktfordeling som har levd i kyrkja og som vi stadig kan sjå restar av.

No, seksti år sidan den første, er vi mange kvinner. Og vi er eit sant mangfald av kvinner! Eg blei fødd same året som Ingrid Bjerkås blei ordinert, og eg blei
25 ordinert tretti år etter. I mi studietid blei mange av oss opptatt av spørsmålet om språk. Dersom vi berre brukar maskulint språk om Gud, kan vi å skape eit

inntrykk av at Gud er meir mann enn kvinne. Kor er det blitt av Gud som
Surdeigsbakar, Bakstekone, Myntleitar, Sauebonde, Gartnar, Veverske, Visdom,
30 Hyrde, Ven, Kjelde, Fjell, Bjørnemor? Ho fins i Bibelen! Og også slike namn på
Gud kan skape ei anna oppleving av det heilage!

Seksti år sidan: Etter den tid har vi heldigvis fått fleire prestar som er kvinner, og
vi har fått eit større mangfald i kyrkja.

35

Som feminist og biskop håpar eg at eg kan få vere med å gjere rommet betre å
vere i for alle kvinner. Men kampen er ikkje over enno: Stadig høyrer vi historier
om kvinner som ikkje blir sett, vi høyrer også om dei som blir sett på
40 ubehagelege måtar.

Vi må arbeide saman for at rommet for alle blir større og betre: At du som veks
opp, du som no studerer til prest, at du som sit i kyrkjebenken, kan erfare at du
har eit rom i kyrkja, -- som den du er. Vi minnes i dag Ingrid Bjerkås og ser
45 framover. Kampen er ikkje over. Også i dag, og her, heiter det: Fremad og ikkje
gløyme!

Kilde

www.kirken.no

50

URI

<https://www.virksommeord.no/tale/fremad-og-ikkje-gloyme>

55

60

65